



Bjerkreim skule
SAMAN FOR MEISTRING
trygg - skole - læring

Foreldreinfo august 25

7.trinn på leirskule på Skottevik:

Klassen melder om god stemning, kanoturar, flyndrer, bading, sol, regn og minnerik oppleving:



FAU

Hildegunn Gjedrem er FAU leder, og inviterer til første FAU møte mandag 1.september.

Referat blir lagt ut på heimesida i etterkant.

Skulefotografering

18.september kjem Lima foto og teke bilete av alle elevar og vaksne på skulen. I etterkant vil de få ein mail der de blant anna kan bestille skulekatalogen. Hugs å huke av for denne for å få tilsendt denne.

Fråver:

Minner alle om å gje beskjed via Visma før skulestart ved fråver for å sikre at alle elevar er gjort rede for. Fråver blir fulgt opp av kontaktlærar.

For at skulen skal kunne jobbe førebyggjande mot skulefråver, er det viktig at vi får informasjon som påverkar barnet dykkar for å kunne hjelpe barnet i lag.

Hovudluskampanje veke 35

FHI oppmodar alle familiar til å vere med i den nasjonale halvårlege aksjonen mot hovudlus denne helga. Meir informasjon på: [heimeside](#)

Hei alle saman,

Velkomne til et nytt skuleår på Bjerkreim skule. Veldig kjekt å ha alle elevane tilbake på skulen. Me har hatt ein god oppstart med nye og gamle elevar med song og dans av vår nye skulesong, «Samen med deg». Dei ansatte hadde på planleggingsdagane spelt inn ein musikkvideo av songen til elevane som blei tatt imot med smil og jubel. Elevane har og vore på bli kjent tur i nydeleg augustsol, og knytta nye bånd på tvers av klassane. Leikeplassen er endeleg heilt ferdig, og elevane kosar seg på området.

Vi fortsett dette året med «Saman for meistring» timane, og har satt dette på dagsorden for personalet. I år vil vi jobbe ekstra med relasjonsbyggjing og følelshandtering. Vi på Bjerkreim skule skal byggje gode og inkluderande klassemiljø med fokus på forståing, respekt, toleranse og raushet. Øving og eierskap til vår nye skulesong passar godt inn til dette arbeidet, og visjonen vår for skulen «Saman for meistring». Målet er at elevane skal ha ein trygg og aktiv læringskvardag her på Bjerkreim skule.

Helsing Marianne og Charlotte v/ leiinga Bjerkreim Skule